

TCFD-rapport 2023

Task Force on Climate-Related Financial Disclosures (TCFD) tilbyr eit veletablert rammeverk for rapportering av klimarisiko for banker og finansielle institusjonar. Rammeverket inneheld konkrete anbefalingar for å rapportere klimarelaterte risikoar og moglegheiter. Føremålet er å bidra til at investorar og andre interessentar forstår banken sine potensielle risikoar og moglegheiter i eit endrande klima. Ved å følgje TCFD-rammeverket demonstrerer banken sitt engasjement for å adressere klimarelaterte risikoar og kapitalisere på moglegheiter i ein lågutsleppsøkonomi.


Tabellen under gir eit overblikk av TCFD-rammeverket:

Kapittel 1: Styling	Kapittel 2: Strategi	Kapittel 3: Risiko-styling	Kapittel 4: Mål og metodar
Styling av klimarisiko og moglegheiter	Identifisering og vurdering av klimarisiko i strategi og finansiell planlegging	Integrering av klimarisiko i banken si risiko-styling	Metodar og mål for vurdering av klimarelaterte risikoar og moglegheiter

Styling

Styret sitt oppsyn med klimarelaterte risikoar og moglegheiter

Styret i Sparebanken Sogn og Fjordane sikrar at det årleg vert gjennomført ein strategiprosess som definerer konsernet sine visjonar, mål og tiltak. Gjeldande hovudstrategi vart vedteken av styret i desember 2023. Eit viktig punkt i denne er banken sitt samfunnsoppdrag, om å vere ei drivkraft for Sogn og Fjordane og berekraftsmåla som banken jobbar for.




Styret vedtar banken sin kredittpolitikk og kredittstrategi. Kredittutvalet vedtar retningslinjer, handbøker og policyar som danner grunnlaget for den interne risikostylinga. Klimarisiko er innarbeidd i desse dokumenta for å sikre at omsynet til berekraft knytast opp i mot banken si verksemd. Banken sin berekraftsstrategi er forankra og vedtatt av styret og legg føringar for operativt arbeid med klimarisiko innanfor dei ulike fagområda. Samla gjev styrings- og strategidokument ei overordna retning for banken i arbeidet med klimarelatert risiko.

Ei beskriving av leiinga si rolle i vurderinga og styringa av klimarelaterte risikoar og moglegheiter

Kredittutvalet har hovudansvar for å handtere klimarisiko relatert til banken sin utlånsaktivitet. Kredittutvalet rapporterer til styret kvart halvår, og har ansvar for vurderingane og handteringa av klimarelaterte risikoar og moglegheiter.

Konsernleiinga er drivaren av den årlege strategiprosessen, og har ansvar for at klimarelaterte risikoar og moglegheiter inngår i dei ulike fagavdelingane sine mål og tiltak. Konsernleiinga får halvårlege oppdateringar om status på berekraftsarbeidet frå berekraftsgruppa, som består av sju tilsette frå ulike avdelingar i banken. Berekraftsgruppa har eit særskilt ansvar for gjennomføring av tiltaka innanfor fagmiljøa.

Avdeling for risikostyling og etterleving har ansvar for at klimarisiko er inkludert i det overordna rammeverket for risikostyling og i viktige styringsdokument på risikoområdet. Ein organisasjonsstruktur for klimarisiko er presentert under.



Strategi

Klimarelaterte risikoar og moglegheiter banken har identifisert på kort, mellomlang og lang sikt

Banken har vurdert klimarelaterte risikoar og moglegheiter med særleg fokus på fysisk risiko og overgangsrisiko i utlånsporteføljen på privat- og bedriftsmarknaden (heretter forkorta til PM og BM). Det er særleg lagt fokus på bustadlånporteføljen (PM) og bransjane landbruk, havbruk, fiskeri, eigedom og bygg og anlegg (BM).

Banken har vurdert korleis fysisk risiko og overgangsrisiko vil påverke utlånsaktiviteten til PM og BM, med særleg fokus på kredittrisiko. Vi har urdert klimarisiko innanfor tre tidshorisonantar: kort-, mellomlang- og lang sikt.

Fasar	Tids-horizont	Skildring av tidshorizont
Kort sikt	1-5 år	Banken sin strategiperiode (Berekraftsstrategi 2022-2024)
Mellomlang sikt	5-10 år	Tidshorizont reflekterer Norge sine mål om å redusere utslepp av klimagassar med 55 prosent innan 2030
Lang sikt	10-30 år	Tidshorizont reflekterer Parisavtalen sitt mål om nullutslepp innan 2050

Banken spelar ei sentral rolle i identifisering og handsaming av klimarelaterte risikoar og moglegheiter. Dette inneber ei detaljert analyse av faktorar som geografisk plassering, bransjetilhøyre og eksponering for både fysisk risiko og overgangsrisiko. Vi er forplikta til kontinuerleg forbetring i vår forståing av desse utfordringane, for å sikre at vi er rusta til å handtere dei. Nedanfor følgjer ei oversikt over finansierte klimagassutslepp og utsleppsintensitet for PM og BM, samt ei vurdering av både fysisk og overgangsrisiko over kortsiktig, mellomlangsiktig og langsiktig tidshorizont.

Klimarelaterte risikoar og moglegheiter på BM som banken har identifisert på kort, mellomlang og lang sikt

Banken har analysert klimarelaterte risikoar og moglegheiter for BM på kort, mellomlang og lang sikt. På kort og mellomlang sikt er risikoen generelt låg, hovudsakleg fordi banken ikkje finansierer fossil energiproduksjon og har ei utlånsportefølje med låg eksponering mot høgt fossilavhengige industrier, som til dømes utanriks sjøtransport. Dei største sektorane i BM-utlånsporteføljen er eigedom, landbruk, fiske og fangst, samt bygg og anlegg (68 % av porteføljen). Overordna er det avdekkta låg til middels risiko over alle tidshorisonantar. Landbruket har noko overgangsrisiko på kort sikt og middels til høg risiko på lang sikt. Dette er grunna høgt finansierte utslepp, og ein bransje som må igjennom store endringar mot 2050.

Klimarisiko utlån	MNOK	Tonn CO ₂ e*	tCO ₂ e/MNOK	Overgangsrisiko			Fysisk risiko		
				ST	MT	LT	ST	MT	LT
Bustadlån	48 666	2 533	97 kg CO ₂ e						
Privatkundar	48 666	2 533	97 kg CO₂e						
Offentleg forvaltning	4	50	12,57						
Jordbruk og skogbruk	1 690	65 490	38,75						
Fiske og fangst	2 092	14 325	6,85						
Fiskeoppdrett og klekkeri	549	51	0,09						
Industri og bergverk	802	15 122	18,86						
Kraft- og vassforsyning	739	13 164	17,81						
Bygg og anlegg	1 603	4 415	2,75						
Varehandel	993	4 650	4,68						
Transport	563	26 403	46,90						
Hotell og reiseliv	471	1 180	2,51						
Tenesteyting	835	643	0,77						
Eigedomsdrift	5 280	315	0,06						
Bedriftskundar	15 621	145 809	9,33						
Sum total	64 287	148 342	2,31						

* scope 1 og 2

Låg risiko
Låg/middels risiko
Middels/høg risiko
Høg risiko

På lang sikt er klimarisikoen vurdert som moderat, grunna usikkerheit omkring klimapolitikk og teknologiutvikling si påverknad på ulike sektorar. Banken vil fortsette å overvake utviklinga og justere kredittvurderingar ved behov.

For å redusere klimarisikoen på BM tilbyr banken *Grønt næringslån* og *Grønt landbrukslån*, som stimulerer bedrifts- og landbrukskundar til å gjere investeringar som reduserer klimarisiko og klimagassutslepp. Dette representerer ein klimarelatert moglegheit for banken i handteringa av klimarisiko framover.

Klimarelaterte risikoar og moglegheiter på PM som banken har identifisert på kort, mellomlang og lang sikt

Banken si risikoanalyse for PM-området viser låg klimarisiko i utlånsporteføljen på kort og mellomlang sikt. Over lengre sikt er ein låg til middels risiko identifisert, hovudsakleg grunna risiko for auka ekstremvær og stigande havnivå. Forventningar om strenge reguleringar og energimerkingskrav, samt behov for oppgraderingar til meir energieffektive bustadar, påverkar òg.


Fysisk risiko

Banken har detaljert kartlagt fysisk risiko, som flaum, skred og havnivåstigning, for alle eigedomar som banken har pant i. På kort sikt kan ekstreme vêrhendingar påføre eigedomar skade, med økonomiske kostnader for bustadlånkundane. Dette er likevel ikkje vurdert som grunnlag for auka risiko for banken i eit kortsiktig perspektiv. På mellomlang sikt kan klimaendringar føre til hyppigare og meir intense vêrhendingar. Langsiktig vil risikoen auke, med større trugslar for meir ekstremt vêrbilete og auka havnivå. Tabellen under viser banken si kartlegging av fysisk risiko for eigedomar tilknytt lån.

Privatmarknad fysisk risiko	
No-scenario for fysisk risiko (eigedomar knytt til PM-lån)	
Risiko	Andel objekt av portefølje (prosent)
Flaumsone	1,36
Flaum aktsomheitsområde	9,64
Havnivåstigning	3,97
Fjellskred sone ustabil	0,05
Fjellskred faresone 100-, 1000- og 5000-års intervall	5,84
Skred kvikkleire (låg faregrad)	1,64
Skred kvikkleire (middels faregrad)	0,45
Skred kvikkleire (høg faregrad)	0,05
Snøskred aktsomheitsområde (befart)	9,11

Overgangsrisiko

Overgangsrisikoen er særleg knytt til energi-effektiviteten og dermed klimagassutsleppa til eigedomar i bustadporteføljen. Denne vert vurdert gjennom energimerking. På mellomlang til lang sikt representerer bustadar med låg energimerking ein auka overgangsrisiko. Straumprisauke og strengare regulering, som EU sitt bygningsenergidirektiv, aukar risikoen. Bustadar med låg energimerking kan på mellomlang til lang sikt oppleve redusert etterspurnad, eller verdi, grunna behov for oppgraderingar. I oversikta nedanfor er det presentert fordelinga av energimerker for panteobjekt knytt til lån og dei finansierte klimagassutsleppa på PM-området.



Privatmarknad energimerker	
PM-energimerker* for eigedomar knytt til lån	
Energimerke	Antal pantobjekt
Utan merke	2319
A	169
B	3521
C	1 964
D	4 402
E	3 802
F	2 287
G	3 600
Totalt	22 064


*energimerker frå ENOVA (sjølvregistrert) og estimerte energimerker Eiendomsverdi/Simien

Privatmarknad finansierte klimagassutslepp		
Totalt	Metode	kgCO ₂ e
	Lokasjonsbasert	2 532 835
Marknadsbasert	73 021 841	
Karbonintensitet	Karbonintensitet	
	KgCO ₂ e pr. kvm	2,02
	KgCO ₂ e pr. mill. kr utlånt	97,29

Dei klimarelaterte moglegheitene som banken har identifisert omfattar tilbodet av grøne produkt som grønt bustadlån og klimalån. Desse produkta skal insentivere og motivere kundar til å oppnå eit høgare energimerke og redusere energibruken til eigedomane.

Betydinga av klimarelaterte risikoa og moglegheit for Sparebanken Sogn og Fjordane si drift, strategi og finansielle planlegging

Samanhengen mellom klimarelaterte risikoa, moglegheit og strategisk og finansiell planlegging er illustrert i figuren under. Deretter vert det skildra korleis dette spelar inn på PM- og BM-området.



Privatmarknad

Med omsyn til klimarisiko har banken mål om å auke talet bustadar med energimerke B eller høgare. Målet er 5 mrd. kr i grøne bustadlån og klimalån innan utgangen av 2024, som er skildra i vår berekraftsstrategi. Vi tilbyr i tillegg spareprodukt med berekraftig profil, grøne fond og grøne sparekontoar for privatkundar.

Bedriftsmarknad

Med auka fokus på klimarisiko, har banken innført strategiske mål og tiltak for BM. Vi utfører ESG- og klimarisikovurderingar på alle kundar med engasjement over 3 mill. kr. ESG- og klimarisikovurderingane vert utførte på kunde- og lånesaknivå, saman med bransjespesifikke spørsmål knytt til ESG.

Banken publiserte i 2023 ein policy for samfunnsansvar og berekraft for BM. Policyen definerer banken sin ståstad for arbeidet med berekraft på BM, saman med krav og forventningar til dei ulike bransjane som banken finansierer. Den gjev òg uttrykk for bransjar og aktivitetar som banken ikkje skal ha utlån til.

Banken har hatt eit mål om 300 mill. kr i grøne næringslån innan utgangen av 2024. Ved utgangen av 2023 var status 43,4 mill. kr. I 2023 utvida og forbetra vi kvalifikasjonane for grønt næringslån til å omfatte eit breiare spekter av grøne tiltak og

investeringar. Banken vil fortsette arbeidet med å auke volumet i 2024.

Ulike scenario sin potensielle påverknad på banken sin drift, strategi og finansielle planlegging, inkludert eit 2-grader-scenario

Banken arbeider med å vurdere ulike scenario og potensielle påverknader på banken si drift, strategi og finansielle planlegging, inkludert eit scenario der den globale temperaturen aukar med meir enn 2 grader. Vi har enno ikkje tilstrekkeleg data til å kunne gje ei fullverdig analyse på dette. Vi planlegg å gjennomføre ei grundig analyse i løpet av 2024, for å få auka forståing.

Risikostyring

Korleis klimarisiko påverkar ulike risikokategoriar

Klimarisiko er ikkje ein eigen isolert risiko, men ein viktig risikofaktor som påverkar andre risikoområder som kredittrisiko, marknadsrisiko, likviditetsrisiko, operasjonell risiko og forretningsrisiko. Banken har vurdert samanhengen mellom klimarisiko og desse risikokategoriene, samt vurdering av banken sin risiko innanfor tre tidshorisontar.

Risiko	Overgangsrisiko				Fysisk risiko			
	Forklaring	ST	MT	LT	Forklaring	ST	MT	LT
Kredittrisiko	Regulering og endringar i regelverk, forsyningskjeder og kundetilfrednast og internasjonalt kan føre til svekka omsetning på låne og lågare verdi på sikkerheit (LGD), noko som kan auka tap (EL) for banken.	Låg risiko	Låg/middels risiko	Låg/middels risiko	Auka tap (EL) på kundar og bransjar som er utsett for reduserte verdier på pantsikringsobjekt, eigendelar og stranded assets, som følgjer av klimaendringar.	Låg risiko	Låg risiko	Låg/middels risiko
Marknadsrisiko	Endring i reguleringar, teknologi og kundetilfrednast, og sjette med ein meir berekraftig økonomi kan føre til nedskrivning av verdier og endre marknadsverdien til investeringar. Dette kan resultere i repriming av aksjar og obligasjonar.	Låg risiko	Låg risiko	Låg/middels risiko	Hendingar på grunn av klimaendringar, som ekstreme vêrhendingar og naturkatastrofar, kan føre til betydelege tap i verdier av f.eks. fysiske eigedomar. Dette kan påverke marknadsansvar og volatilitet, og slår auka marknadsrisikoen for finansielle aktørar.	Låg risiko	Låg risiko	Låg/middels risiko
Operasjonell risiko	Regulatoriske endringar kan kreve at banken gjer store tilpassingar i interne prosessar, risikovurderingar, teknologi og rapporteringskrav. Dette kan auka kostnader, og medføre behov for ekspertise.	Låg risiko	Låg risiko	Låg/middels risiko	Skade på banken sine eigedomar, infrastruktur, innsatsfaktorar og menneske, som følgjer av ekstremvêr og klimaendringar, kan forstyrre dagleg drift og auka operasjonell risiko.	Låg risiko	Låg risiko	Låg/middels risiko
Likviditetsrisiko	Overgangsrisiko kan påverke ein bank sin tilgang til kapitalmarknadane ved endring i omdøme og kredittstilling, noko som kan auka pris på finansiering. Endringar i lovgeving og skiftande marknadsstøtte kan redusere verdien av sikkerheitlar, og dermed redusere verdien på banken sin likviditetsbuffer.	Låg risiko	Låg/middels risiko	Låg/middels risiko	Fysiske klimarisikoa som ekstremvêr kan føre til direkte økonomiske tap ved å skade banken sine eigedomar og infrastruktur, og kan krevje investeringar i genopbygging og reparasjon. Kan forstyrre banken si drift, redusere inntektsgenerering, og forverre likviditetsstillinga.	Låg risiko	Låg risiko	Låg risiko
Forretningsrisiko	Reduserte inntekter som følgjer av manglande omstilling i forretningsmodellen på grunn av endra kundetilfrednast og regulering. Høge kostnader til teknologutvikling og tilpassing for å møte forventningar frå interessentar.	Låg risiko	Låg risiko	Låg/middels risiko	Skadar på banken sine fysiske eigedeler og infrastruktur kan forstyrre drifta og auka kostnader. Fysiske klimafølekkar kan ramme banken sine kundar, og dermed påverke banken sine inntekte og tap på lån. Auka forsikringspremier og dekning for klimarelaterte risikoa kan bli ein økonomisk belastning.	Låg risiko	Låg risiko	Låg risiko

Kredittrisiko

Klimarisikoen knytt til kredittrisiko er hovudsakleg relatert til utlån. I utlånsporteføljene utgjer privatkundar det største volumet, med 76 % av totale utlån, og 24 % er BM-utlån. For BM har vi ein kundemasse hovudsakleg bestående av små og mellomstore selskap med god bransjediversifisering. Bankens sin policy for samfunnsansvar og berekraft for BM, som seier noko om krav/forventningar og kundar vi ikkje skal finansiere, sikrar at vi unngår utlån til bransjar med svært høge klimagassutslepp.

Banken utfører løpende vurderingar av dei ulike bransjane vi engasjerer oss i. Både overgangsrisiko og fysisk risiko blir vektlagt i kredittvurderingar og i oppfølging av kundar. Fysisk risiko blir òg evaluert på porteføljnivå for PM. I tillegg har vi, som nemnt, ein integrert modul for ESG- og klimarisikoanalyse i kredittprosessane for BM. Denne modulen og korleis vi identifiserer og vurderer klimarelatert risiko er forklart i detalj under delkapittel «*ei beskriving av prosessane banken nyttar for å identifisere og vurdere klimarelatert risiko*».

Marknadsrisiko

I forhold til marknadsrisiko er klimarisikoen hovudsakleg knytt til avkasting og verdiutvikling av egedelar og verdipapir, inkludert vurderinga av om desse verdiane er berekraftige i samsvar med EU sin taksonomi. Banken prioriterer investeringar i sikre og likvide papir, særleg obligasjonar med fortrinnsrett i bustadlån. Vi vurderer at det er eit lågt sannsyn for at kortsiktige regulatoriske endringar, eller uventa hendingar, vil påverke verdien av desse papira.

For langsiktig risiko har vi fastslått at det er ein låg til moderat risiko relatert til større endringar i økonomien. Til dømes kan eit auka behov for investeringar i grøn omstilling påverke inflasjonen, avkastningskravet og liknande faktorar. Slike endringar kan ha ein vesentleg innverknad på dagens økonomiske struktur og evne til å tilpasse seg omfattande økonomiske endringar.

Operasjonell risiko

Klimarisiko knytt til operasjonell risiko i banken er primært relatert til potensielt tap av omdømme og marknadsposisjon grunna manglande tilpassing til eit samfunn med låge utslepp. Dette inneber risiko for feilinvesteringar i teknologi og tap av verdiar på grunn av ekstreme klimahendingar.

Banken handterer operasjonell risiko ved å gjennomføre grundig internkontroll og ved å rapportere regelmessig om uønskte hendingar. Vi vurderer risikoen for at overgangsrisiko fører til menneskelege feil, svikt i system og prosessar, eller eksterne hendingar som kan resultere i økonomisk tap, som låg. Likevel, over tid, kan regulatoriske og marknadsmessige endringar ha større påverknad, særleg om klimapolitikken blir strengare.

Risikoen for at fysisk klimarisiko fører til menneskelege feil, eller svikt i banken sine system og prosessar, eller eksterne hendingar som resulterer i økonomisk tap, er også antatt å vere låg. Men, også her, aukar usikkerheita over tid, med potensielle konsekvensar som driftsavbrot, endringar i forsikringsprisar og svingingar i energiprisar.

Likviditetsrisiko

Klimarisikoen relatert til likviditetsrisiko er hovudsakleg knytt til potensielle stranda egedelar i likviditetsporteføljen, samt prisen og tilgangen på finansiering. På kort sikt anser vi risikoen knytt til likviditet, og dei tilhøyrande kostnadane, som låg. Men på mellomlang til lang sikt, kan taksonomi og andre regulatoriske tiltak potensielt føre til at investeringar i større grad må rettast mot grøne alternativ, noko som kan gjere finansiering av ikkje-grøne aktivitetar vesentleg dyrare.

Når det gjeld fysisk klimarisiko, ser vi at denne har liten påverknad på likviditetsrisikoen. Vi vurderer at sjølv om det finst miljømessige utfordringar, påverkar desse ikkje direkte banken si evne til å oppretthalde tilstrekkeleg likviditet under dei noverande forholda.

Forretningsrisiko

Klimarisikoen relatert til forretningsrisiko er i stor grad knytt til potensielt tap av inntekter grunna manglande tilpassing til endra kundeåtfærd og reguleringar. Dette inkluderer kostnader knytt til teknologisk utvikling og tilpassingar for å møte forventingar frå interessentar. Skadar på banken sine fysiske eigedommar og infrastruktur kan òg forstyrre dagleg drift og føre til auka kostnader, samt påverke banken sine inntekter ved å påverke kundar direkte. Auka forsikringspremiar og behovet for dekning av klimarelaterte risikoar kan representera ein økonomisk belastning.

Det er vurdert som låg risiko for at banken ikkje vil klare å gjennomføre nødvendige endringar i forretningsmodellen for å oppretthalde inntekta på kort sikt. Likevel, på lengre sikt, kan aukande krav til teknologiutvikling og endringar i kundeåtfærd indikere ein høgare risiko. Banken må òg vere oppmerksom på potensialet for strengare reguleringar og auka forventingar om etisk åtfærd blant interessentar.

Til sist, sjølv over lengre tid, er det ansett som låg risiko at fysisk klimarisiko vil påverke banken sin forretningsrisiko i betydeleg grad, med auka forsikringspremiar som hovudsakleg blir overførte til kundane.

Ei beskriving av prosessane banken nyttar for å identifisere og vurdere klimarelatert risiko

Privatmarknad

Banken har detaljerte prosessar for å identifisere og vurdere klimarelatert risiko innanfor PM. Tilnærming involverer ei overvaking av grøne bustadlån, klimalån og elbillån for å fange opp endringar og trendar som kan indikere ein reduksjon av klimarelatert risiko. Dette gjer oss i stand til å følgje med på korleis våre finansielle produkt bidrar til eit meir berekraftig samfunn, samt identifisere områder der det kan vere behov for justeringar eller nye tiltak.

For å vurdere fysisk risiko og overgangsrisiko i bustadlånsporføljen, nyttar vi data frå Eiendomsverdi. Denne informasjonen gir oss detaljert innsikt i kvar eigedom i PM-porteføljen, inkludert viktige faktorar som energimerker, oppvarmingskaraktarar, byggeår, og berekna fossilandel. Dette er sentralt for å forstå korleis kvar eigedom er posisjonert i forhold til klimaendringar og korleis dette kan påverke risikoprofilen. Vidare inkluderer analysen av fysisk risiko vurderingar av faktorar som stigning i havnivå, flaum, skred og overvatn, som alle kan ha direkte konsekvensar for pantobjekta i porteføljen.

I tillegg til fysisk risiko, vurderer vi òg overgangsrisiko gjennom estimert energiforbruk og CO₂-utslepp for kvar eigedom. Dette gjer det mogleg for oss å estimere finansierte CO₂-utslepp, noko som gir ei grundig forståing av den samla klimapåverknaden frå utlånsporføljen. Denne informasjonen er avgjerande for å vurdere kor godt tilpassa kundane våre, og eigedomane som banken har pant i, er til eit lågutsleppssamfunn, og korleis vi som bank kan bidra i denne overgangen.

Bedriftsmarknad

Banken har implementert eit grundig vurderings-system for ESG mot kundar med kredittengasjement over 3 millionar kr. Etter at søknad er innsendt, må bedriftene gjennomføre ESG- og klimarisikovurderingar. Dette systemet er delt inn i to modular: ein modul på kundenivå og ein annan modul for den spesifikke lånesaka. Begge modulane inneber ei generell kartlegging av ESG, samt ein bransjespesifikk del som stiller spørsmål knytt til relevante ESG-faktorar i den aktuelle bransjen.

Hausten 2023 introduserte vi ein tilleggsmodul for å forbetre vurderinga av ESG- og klimarisiko for den enkelte lånesaka. Dette tillét oss å gjere ei grundig analyse av kunden sin ESG-score på både kundenivå og for sjølve lånesaka. Analysen er ein viktig del av banken si kredittvurdering og er sentral i innsatsen for å unngå økonomiske tap og stranda eigedelar, som er ein risiko knytt til klimaendringar.

Om ESG- og klimarisikovurderingane avdekkjer høg til svært høg risiko, er det etablert prosedyrar for å utarbeide kompensierende tiltak. Dette kan innebere tilleggsvilkår knytt til konkrete tiltak som bedriftene må iverksette. Dersom slike tiltak ikkje vert utført tilfredsstillande, kan det bli aktuelt å vurdere å auke prisen på finansieringa, eller å redusere nedbetalingstida. Denne tilnærminga understrekar banken si forplikting til å fremje berekraftig forretningspraksis hjå BM-kundane.

Ei beskriving av prosessar for å handtere klimarelatert risiko

Banken har omfattande prosessar for handtering av klimarelatert risiko, både innan eiga verksemd og i dei ulike forretningsområde. Klimarisiko vert nøye overvaka og handtert gjennom årlege målingar av klimautslepp. Dette er ein viktig del av arbeidet for å redusere eige fotavtrykk og bidra positivt til miljøet. Ved å måle eigne utslepp, kan vi setje konkrete mål for reduksjon og utvikle effektive strategiar for å nå desse måla.

I tillegg til oppfølging av klimarisiko i eiga verksemd, nyttar banken avanserte analytiske metodar for andre forretningsområde. For BM blir det utført analysar på kunde- og porteføljenivå for å vurdere klimarisiko, medan det for PM blir brukt scenario-analysar for fysisk risiko, samt estimering av energimerker og CO₂-utslepp. Desse analysane gir oss innsikt i korleis ulike klimarelaterte risikoar kan påverke kundane og forretningsmodellen til banken. Dei hjelper oss med å identifisere potensielle risikoar og moglegheiter, og dannar grunnlaget for utvikling av tiltak og strategiar for å møte desse risikoane.

Gjennom desse prosessane sikrar banken eit kontinuerleg arbeid for å ivareta interne mål, berekraftsmål og forpliktingane i Parisavtalen. Ved å integrere klimarisikohandtering i alle aspekt av drifta, bidrar banken til eit meir ansvarleg og berekraftig næringsliv og region. Denne tilnærminga er sentral i strategien for å møte dei stadig skiftande klima- og miljøkrava nasjonalt og internasjonalt.

Korleis prosessar for å identifisere, vurdere og handtere klimarelatert risiko er integrert i banken si heilskaplege risikostyring

Klimarisiko er ein viktig del av banken sine styringsdokument for risiko og kreditt, og blir handtert på styrenivå med klare retningslinjer for vurdering og handtering av konsekvensane av klimaendringar. Dette er spesielt relevant for BM- og PM-porteføljen. Avdeling for risikostyring og etterleving har ansvar for å inkludere klimarisiko i det overordna risikostyringsrammeverket.

Berekraft er ein integrert del av alle risikostrategiområda i banken. Berekraftsgruppa, som kontinuerleg arbeider med klimarisiko, sikrar at dette er eit fokusområde i alle fagområda i banken. Prosessane for å identifisere, vurdere og handtere klimarisiko er godt integrert i den overordna risikostyringa. Banken vil framover halde fokus på klimarisiko, med eit gradvis større fokus på naturrisiko. Dedikerte ressursar i berekraftsgruppa vil kontinuerleg følgje opp og sikre at banken er oppdatert og handterer desse risikoane på ein effektiv måte.



Mål og metodar

Beskriving av metodane banken nyttar for å vurdere klimarelaterte risikoar og moglegheiter i lys av strategien og prosessar for risikostyring

Privatmarknad

PM nyttar grøne produkt som grønt bustadlån, klimalån og elbillån for å vurdere klimarelaterte moglegheiter og risikoar. Banken overvakar regelmessig formidling av desse produkta. Ved å samanlikne sal av grøne produkt med tradisjonelle ikkje-grøne produkt, får vi ein indikasjon på utviklinga og måloppnåinga.

Klimarisiko i PM har fått auka oppmerksomd. Vi nyttar data frå Eiendomsverdi for å vurdere eigedomane i porteføljen sin eksponering mot fysisk risiko og overgangsrisiko. Dette inkluderer informasjon om estimerte energimerker for eigedomar som ikkje hadde dette tidlegare, og ei kartlegging av kor utsett eigedomane er for fysisk klimarisiko som havnivåstigning, ras, flaum og kvikkleireskred.

Med estimerte energimerker på dei eigedomane som ikkje har energimerker frå før, så har banken betre forutsetningar til å forstå eksponeringa av overgangsrisiko med omsyn til strenge klimakrav, som for eksempel EU sitt nye bygningsenergidirektiv. Detaljert informasjon om fysisk risiko forbetrar evna til å gjere grundigare risikovurderingar og ta informerte avgjersler, slik at vi kan tilpasse oss og handle proaktivt i møte med kundane og klimaendringane.

Bedriftsmarknad

I 2022 starta banken å måle utsleppa i BM-porteføljen ved å nytte SSB-faktor-metodikk. Med støtte frå Finans Norge sin rettleiar for finansierte klimagass-utslepp, har banken i år gjennomført meir detaljerte berekningar av utslepp innanfor landbruket, noko som har resultert i høgare PCAF-datakvalitet enn for fjoråret. For dei andre bransjane på BM har vi framleis nytta SSB-faktor-metodikk for å berekne utslepp, grunna auka fokus på berekningane av landbruk.

Bransjar	Totalt finansierte klimagass-utslepp (tonn CO ₂ e)	Karbonintensitet (kgCO ₂ e pr. mill. kr utlånt)
Offentleg forvaltning	50	12 565
Landbruk og skogbruk	65 490	38 751
Fiske og fangst	14 325	6 856
Fiskeoppdrett og klekkeri	51	93
Industri og bergverk	15 122	18 856
Kraft- og vassforsyning	13 164	17 813
Bygg og anlegg	4 415	2 754
Varehandel	4 650	4 648
Transport	26 403	46 397
Hotell og reiseliv	1 180	2 505
Tenesteyting	643	770
Eigendomsdrift	315	60
Sum	145 809	9 334

I desember 2023 blei banken medlem av PCAF (Partnership for Carbon Accounting Financials), noko som vil gi tilgang til ein omfattande utslepps-database og rettleiing. Dette betyr at vi i 2024 vil kunne utføre endå meir nøyaktige berekningar av dei finansierte utsleppa.

Berekningar viser at banken er mest eksponert for finansierte klimagassutslepp i bransjane landbruk (jordbruk og skogbruk), transport, fiske og fangst. Landbruk og transport står åleine for om lag 63 % av dei finansierte utsleppa, medan banken sitt utlån til desse bransjane utgjer om lag 14 % av totale BM-utlån.

Avgrensingar ved metode

Utrekningane våre baserer seg på eit samla utslepp for ei rekke underliggande næringar innanfor ein næringsklasse. Modellen tek ikkje omsyn til avvik i næringane, eller i regionale og individuelle forskjellar i utslepp mellom selskapa. Ein kan for eksempel sjå at fiskeoppdrett og klekkeri har svært låge utslepp samanlikna med andre bransjar, men berekningane tek ikkje omsyn til kundane sine innkjøp av innsatsfaktorar, eller transport av varer og tenester. Dette fører til usikkerheit i berekningane, og gjer det førebels vanskeleg å samanlikne mot andre bankar. For landbruk (jordbruk og skogbruk) har vi nytta bransjespesifikk metode etter rettleiaren til Finans Norge. Dette svarar til ein datakvalitet med score 3, som vil seie at ein ikkje kan gjere meir nøyaktige berekningar før ein faktisk mottar klimarekneskap direkte frå landbrukskundane.

Resultat og vidare arbeid

Utrekningane gjev verdifull innsikt i dei bransjane som har dei høgaste utsleppa og største utsleppa per million kroner utlånt. Denne informasjonen

hjelper oss med å prioritere bransjar med høge utslepp planar for utsleppsreduksjon mot 2030 og 2050. Sjølv om det berre er landbruk som er berekna med relativt nøyaktig metode, så vil banken i 2024 jobbe med å berekne resterande bransjar etter rettleiaren frå Finans Norge. Dette arbeidet vil vere ein viktig del av strategien framover, då banken må få ein status på finansierte utslepp – slik at vi kan starte prosessen med å lage bransjemessige mål for utsleppsreduksjon.

Eiga drift

Les meir om dette i energi- og klimarekneskap.

Ei beskriving av måla banken nyttar for å handtere klimarelaterte risikoar og moglegheiter og resultat i forhold til mål

Banken har som overordna mål å integrere berekraft i alle aspekt av drifta. Gjennom hovudstrategi og berekraftsstrategi fokuserer banken på å handtere klimarelaterte risikoar og moglegheiter, med mål om å bli klimanøytrale innan 2050. Dette inneber endringar i fleire delar av drifta vår.

	Mål	31.12.2022	31.12.2023
Utføring av grøne OMF-ar innan 2023	5 mrd.	1,9 mrd.	3,9 mrd.
Utføring av grøne seniorobligasjonar innan 2023	1 mrd.	0,2 mrd.	1,5 mrd.

Privatmarknad

Banken har som mål å tilby eit breitt utval av produkt som fremjar berekraftige investeringar. Over det siste året har vi observert ein betydeleg positiv utvikling i sal av grøne produkt.

Mål	Resultat (31.12.21)	Resultat (31.12.22)	Resultat (31.12.23)
Vi skal i løpet av 2024 ha 5 mrd. kr i grøne bustadlån og klimalån	Grønt bustadlån: 730 mill. kr Klimalån: 1,5 mill. kr	Grønt bustadlån: 2,60 mrd. kr Klimalån: 7 mill. kr	Grønt bustadlån: 3,95 mrd. kr Klimalån: 12,5 mill.kr

Banken har også auka fokuset på berekraft hos kundar og rådgjevarar. Kunderådgjevarar på PM har deltatt i e-læringskurs om klimarisiko. I tillegg har berekraft vore eit viktig tema i fagsamlingar for rådgjevarane, særleg relatert til fond og sparing. Under ein fagsamling hausten 2023 fekk rådgjevarane spesifikk opplæring i energimerking av bustadar, noko som styrkar evna til å gi god rådgjeving på dette området.

Bedriftsmarknad

I BM har banken identifisert dei største klimarelaterte risikoane og moglegheitene i utlånsporteføljen. Dei siste åra har vi lagt stor vekt på utvikling og forfining av ESG- og klimarisikovurderingar i lånesaker. Særleg i 2023 har fokuset vore på å forbetre kvaliteten på desse vurderingane, meir enn å implementere nye prosedyrar som krev opplæring.

Basert på risikoanalysar per 31.12.2023, fordelar ESG- og klimarisikoen i BM-porteføljen seg slik:

Berekna klimarisiko	Utlån i mill. kr. pr. 31.12.2023	ESG-score i % av utlån
Svært låg risiko	2 136	11,7 %
Låg risiko	8 453	46,4 %
Moderat risiko	2 071	11,4 %
Høg risiko	26	0,1 %
Svært høg risiko	0	0,0 %
Ikkje klassifisert	5 532	30,4 %
Totalt*	18 217	100 %

* I tabellen ovanfor har vi tatt med ein del landbruks-eigedomar, som i andre oppstillingar er vist som utlån til privatmarknaden.

Vi hadde som mål i berekraftsstrategien å tydeleggjere standpunkta våre, og sette krav og forventningar til BM-kundane, når det gjeld berekraft. I 2023 blei det vedtatt ein policy for samfunnsansvar og berekraft for BM, noko som har vore viktig for banken å offentleggjere. Denne inneheld informasjon om føringar i kredittarbeidet mot BM, i tillegg til krav og forventningar til kundane når det gjeld berekraft.

Målet framover er å forsette å styrke og forbetre ESG- og klimarisikovurderingar. I tillegg til dette er oppdatering og opplæring av kunderådgjevarane avgjerande, grunna stadig nye oppdateringar i klimapolitikk nasjonalt og internasjonalt. Vi erkjenner at det framleis er ein veg å gå for å nå måla om 300 millionar kr i grøne næringslån og grøne landbrukslån innan utgangen av 2024, men banken har sett i verk tiltak for å auke volumet i løpet av 2024.